



Svein Rimestad mottok instruksjonar av koreografen under seminaret denne helga

Svein Rimestad, som bur i Uskedalen og er veterinær, er og ein framifrå tekstforfattar. Det viser han nok eingong i syklusen som skal framførast under Folkemusikkveka og som vert innøvd på Helgheim denne helga. Han har forfatta teksten til 4 av dei numra som Maria Malmsten har komponert.

Det er Vals på Musland, Gangar frå Seim, Rheinlendar på Herøysund-måten og Tango for erverdige damer.

Her er valsen:

*Vår sopran frå Musland er huga på dans,
det er klårt for ein kvar, denne jenta har sans
for dei lokkande tonar som kallar og dreg.
Du har flaks om du rekk å få bydd ho før einkvan har gjort det før deg.*

*Men kva er det med Musland spør nokon og kvar.
Både eine og hitt, kan me gje deg til svar.
Sol kvar vinterdag: Meir enn hjå bygdafolk flest
og eit fjell til å klatra i, det dreg til seg så mangen ein gjest.*

*Der er fostra opp fleire som spelar med drag,
er det løye at jenta vil dansa kvar dag?
Når han Anders kjem inn frå det daglege stell,
vil jo kona trø dansen, og han får si hyre kvar einaste kveld.*

*Ja, slik trøytar dei tida der inst i vår dal,
om du ikkje vil tru det, så ta deg det bal
å ta turen dit opp når til kvelds det vert fred.
Fer du stilt, får du høyra at tonar og tramp gjev deg grundig beskjed.*

Foto: Ola Matti Mathisen



Klart til dans i Helgheim i helga